

MANUS PRESENTASJON

“SIDEREVENTYRET I HARDANGER” - Arendalsuka 2021

BILDE 1: INTRO

Hei! Eg heiter Trude Rinaldo. Eg er ekte harding og jobber for Hardangerrådet. Etter mange år har eg lært masse om kommunane i regionen. Før eg flytta heim jobba eg masse med mat og vin. Så å få jobba med sider og vera med i dette prosjektet er utruleg kjekt og veldig spennande.

Hardangerrådet er i dag eigmelt av 4 kommunar: Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Vår jobb er å byggja nettverk og skapa meirverdi for alle, enten det gjeld næringsliv, veg eller kraft. Ikkje like enkelt alltid, men utrolig viktig.

BILDE 2: SAMARBEID

Sidereventyret i Hardanger er med og vitaliserar distriktet vårt. Det er kjempeviktig at mange får eigarskap til det som skjer. Med nettverk mellom kommunane og næringslivet, er Hardangerrådet eit bindeledd, motivator, tilretteleggar og med på å spre informasjon.

Samarbeidet som fruktboendene og siderprodusentane har vist, har gjort DEI til våre beste førebilder. Dei deler på kunnskap og heiar på kvarandre. Det er ein heilt ny energi i fjorden, som dei overfører til oss andre. Det betyr noko langt utover å nyta sider. Denne energien sprer engasjement, glede, entusiasme i tillegg til framtidstru, økonomisk drift og grobunn for nye aktivitetar og næringar. Unge flyttar heim og seier her vil me leva og bu!

NÅ ei bygd på Vestsida i Sørfjorden, ligg ikkje sentralt, men er no IT plassen i fjorden med gourmetrestaurant og gåavstand til mange siderprodusentar. du kan og kjøpa med deg ei flaske heim.

Me har eit tett og godt samarbeid i Hardanger, med mange nettverk. Hardangerrådet har lenge vore ein støttespelar for sider utviklinga. F. eks var Sider hovudtema på Hardangerkonferansen i 2018. De ser plakat bak meg.

BILDE 3: KUNNSKAP

Siderklynga i lag med Hardanger Siderprodusentlag er turbinen som skapar kraft - den knyter næringa - fruktboendene, siderprodusentane, forskarane og kommunane saman.

Når det er så mange små aktørar med så tidkrevjande arbeid, er det endå viktigare å ha eit bindeledd som kan halda i alle trådane, og gjennomføra felles viktige oppgåver. Turbinen må gå rundt for å skapa kraft. Sidereventyret i Hardanger er eit resultat av alt som er gjort.

Det var Asbjørn Børshheim og Nils Lekve som starta profesjonaliseringa av sider - ilag med NIBIO tilbake til tidleg på 2000-talet. Her starta samarbeidet.

Etterkvart er det mange siderprodusentar, vendepunktet kom med muligheten for å selga sider direkte frå gardane.

Det å ha forskningsstasjonen NIBIO Ullensvang i Hardanger er uvurderlig. Det set regionen vår i førarsete. Draumen er at Hardanger vert internasjonalt anerkjent som siderregion. Med langsiktige mål, tolmod og fokus på kvalitet er det absolutt mogleg.

BILDE 4: SIDERKULTUR -prosjektet

På norsk har me kalla prosjektet for siderkultur. Det famnar om kulturarva sider og distriktsutvikling i kraft av sidernæringa.

Hovudmål er forskningsbiten og sensorikk. Og så skal me læra av kvarandre. Dei har meir og lenger erfaring som vinregion ENN me har som siderregion. Men når det gjeld turisme er me langt føre dei. Dei vil gjerne læra av det av oss.

Leiar er Universitet Nova Gorica, med eige fakultet for vin.

Med i prosjektet frå Norge er NOFIMA og NIBIO som forskarar, Hardanger siderprodusentlag som representerar produsentane og Hardangerrådet for kommunane og regionen. Prosjektet handlar om ny kunnskap, formidling/deling og bruk av den kunnskapen. Med meir kunnskap utviklar me oss.

BILDE 5: TERROIR

Terroir er eit nytt begrep i Norge, men vanleg og veldig betegnande for kva som påverkar smaken av produkt produsert i eit gitt område. I Hardanger er terroiret definert av høge fjell, bratte lier, fjorden, klima og solforhold, SUMMEN avgjer kva råmaterialet me får. Saman med produksjonsmetodar og eplesortar utgjer dette ramma for sluttproduktet sider. I Hardanger er forholda, eller terroiret, eit av verdas beste for epedyrkning.

Har du verdas beste epler, kan du laga verdas beste sider. Men det er mange andre faktorar som spelar inn. Det er dei me forskar på og som stadig er i utvikling. Målet er også eit mangfold både av stilartar men også på opprinnelse og at Hardanger f.eks vert delt inn i områder og parsellar med ulike fortrinn og kvalitetar.

Dette arbeide er viktig om me skal nå det hårete målet om å bli "Verdens beste siderregion". Det vil også kreva disiplin, og at kommunane arbeider saman for eit likt planverk og like reglar i heile Hardanger.

BILDE 6: TURISME - nye moglegheiter

Sidersafari og Vision of the Fjords er blitt eit bindeledd mellom siderbøndene, reiseliv og lokalbefolkning. No kjem det nok gjester til at bøndene kan tilby faste smakingar på gardane sine fleire gonger til dagen.

Sidersafari har gjort Hardanger attraktiv for nye gjester og nye aktivitetar. Når me har mykje å tilby, vert me endå meir attraktive.

Dette er turisme som er berekraftig og på lag med lokalbefolkning. For oss som bur her er det kjempe kjekt og spennande med nye urbane tilbud. Dei hadde me ikkje hatt uten tilreisende gjester. Når me aukar livskvaliteten vår, blir me meir attraktive på markedet - dette er veldig god distriktsutvikling. For kommunane er det berre å klappa i hendene. Kanskje ikkje så enkelt, men med klok planlegging kan dette legga grunnlag for tilflytting av unge folk, som er avgjerande for framtidia vår.

I fjar valgte nordmenn Hardanger istaden for Toscana. Då fekk me drahjelp av stengte grenser, men med hardt arbeid og fokus på kvalitet kan me gjera oss attraktive for desse gjestene også i framtida.

Festivalar er store kunnskapsformidlarar, og det er viktig. Skal me selga sider, må kundane ha kunnskap.

Sider og mat er spennande og i utvikling. No når mangfoldet begynner å koma, er det interessant å arbeida med mat og sider, og fleire hotell og restaurantar tilbyr både smakingar og sider til maten. Det er også viktig å dela kunnskap med bransjefolk, det er restaurantar som oftast gjer nye varer kjende og sprer kunnskap ut av lokalområdet.

BILDE 7: OPPSUMMERING

Hardanger kan dyrka verdens beste epler- dermed produsera verdens beste sider Me er i starten av eit stort eventyr i Hardanger. Kor stort det blir e avhengig av ny kunnskap. Nye muligheter opnar seg, og ikkje berre for Hardanger. Alle som dyrkar epler i Norge har potensial om å laga sider i verdensklasse, det vil me heia fram.

Eg trur Norge blir "siderlande" akkurat som Frankrike er Vinlandet.

Kunnskap og forsking må heile tida vera i sentrum, det er skapande, og avgjerande for framtida vår.

Gardane i Hardanger vert tekne over av unge optimistiske bønder, som satsar. Ikkje berre får dei vera med på sidereventyret, men dei gjev kraft til Hardanger på mange vis.

Sidereventyet er eit kinderegg, det gjev næring, det gjev liv og kraft i bygdene og det gjev pengar i kassen.

Kort sagt kompetanse har ført til optimisme, tilflytting, nye bedrifter og unge familiar. Sider er blitt veldig god distriktsutvikling for Hardanger.

Me treng berre arbeidskraft.